

## ULLA SKULEHUS ÅRSMØTE 15.06.13

Desse møtte:

Styret: Knut Hallvard Ulla, Peder Ulla og Grethe Flem Ulla  
Lars Ulla, Kirsti Ingelsrud, Kirsti Ullahamar, Petter Tomren,  
Herbjørg Longva, Hilde Ulla Myren, Åsmund Ulla, Grete Åkre,  
Jane Ulla, Hildegunn Ulla.

- SAK 1

Godkjenning av innkalling og sakliste.  
Godkjent.

- SAK 2

Val av møteleiar, referent og underskriving av protokoll.  
Knut Halvard Ulla valt til å leie møtet, Grethe Flem Ulla  
skrive referat, Kirsti Ullahamar og Kirsti Ingelsrud  
underskrive protokollen.

- SAK 3

Godkjenning av årsmelding 2012/2013.  
Knut gjekk gjennom årsmeldinga, som vart godkjent.

Orienteringar: Plenklippar er kjøpt inn. Han står i skulehuset.  
Vegrett over Lars-jorda er tinglyst.

- SAK 4

Godkjenning av rekneskap og revisjonsmelding 2012/2013  
Revisjonsmeldinga var anbefalt godkjent av revisor Kristin  
Martinussen. Årsmøtet godkjente rekneskapet

- SAK 5

Planar og årskontingent.  
Knut føreslo at kontingenten held fram med lik sum. Dette  
vart vedteke. (300kr for vaksne og 100kr for barn).  
Naudsynt vedlikehald av sjølve skulehuset skal prioriterast.  
Måling av yttervegg oppover og vestover. Peder tek ansvar  
for dette. Neste sommar tek vi sikte på skifting av vass

stokkar. Jostein Ulla har sagt seg villig til å hjelpe til. Knut kjøper inn, bruker Vasset tre.

På lengre sikt kom det forslag frå Knut om å lage toalett mellom gang og kjøken. Det var og stemning for å legge inn vatn og straum. Forslag om å ta hol i golvet på kjøkken og skjekke høvet til å trekke inn dette gjennom grunnmuren og opp gjennom golvet. Varmekabel bør leggest i vassrøyr. Ein må søkje Haram kommune om tilknyting. Vassmålar bør installerast. Knut spør Jostein Ulla om korleis dette kan gjerast.

Utleige av hus, mål er arrangement som knyt folket på Ulla tettare saman.

Dersom arrangement er kontroversielle, kan ein ta prosent av salet. Styret fekk mynde til å sette opp utleige reglar.

- SAK 6

Innkomne saker.

Ingen.

- SAK 7

Val av styre og valkomité.

Knut Hallvard Ulla vart attvalt som styreleiar og Peder Ulla vart attvalt som styremedlem.

Grethe var ikkje på val.

Valkomitéen var ikkje på val.

Referent

Grethe Flem Ulla

Kirsti Leislaamar

Kirsti Ulla Ingelund